



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
62/25	Eldrerådet	25.11.2025
63/25	Råd for personar med nedsett funksjonsevne (PNF)	25.11.2025
	Formannskapet	
	Kommunestyre	

Endringsforslag - Økonomiplan 2026-2029 med budsjett for 2026

Samandrag:

Kommunedirektøren legg med dette fram andre utkast til budsjett for 2026 og økonomiplan for perioden 2026-2029. Økonomiplan for 2026-2029 med budsjett for 2026 var til politisk handsaming i formannskapet 2.september 2025 og vart vedteke og lagt ut på høyring. Økonomiplan for 2026-2029 med budsjett for 2026 har vore ute til høyring på kommunens nettstad, med mogelegheit til å kome med innspel innan 17.nov.

Bakgrunn for at kommunedirektøren måtte levere budsjett allereie i september, var for å vere sikker på at nedtrekket på 27 årsverk er blitt effektuert og dette såg ein først sikkert ved å budsjettere for 2026.

I budsjettet har vi lagt til grunn ei inndecking av underskotet for 2024 på kr 5,9. Vidare har vi lagt inn finanskostnadar for investeringar for kr 30 million inklusiv meirverdiavgift og vi viser til oppstart av arbeidet med investeringsbudsjettet - som kjem som eiga politisk sak.

Råd for personar med nedsett funksjonsevne (PNF) 25.11.2025

Behandling:

Kommunedirektør Andreas Chr. Nørve, ass. kommunedirektør Eli Tefre Nordal, kommunalsjef fag, utvikling og økonomi Karoline Lundås og ordførar Paul Sindre Vedeld svarde på spørsmål.

Samrøystes tilråding som framlegget.

PNF - 63/25 Vedtak

Råd for personar med nedsett funksjonsevne tilrår:

Økonomiplan for 2026-2029 med budsjettet for 2026, samt investeringsbudsjett for 2026 blir vedteke med heimel i kommunelova § 14-3, med følgjande endringar:

- Låneopptak til investeringar på kr 26.250.000 - dette er eks.mva.
- Startlån på kr.25.000.000 til vidare utlån.
- Byggesaksgebyra vert justert i samsvar KPI, gjeldande frå 1.jan. 2026.

Endring i økonomireglement punkt 2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker:

2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker

Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet med ei nettoløyving til det enkelte rammeområde. I tillegg gjer kommunestyret vedtak på kontonivå for områda

- reserver til disposisjon
- frie inntekter (skatt, rammetilskot og liknande)
- samla avskrivning og kalkulatoriske renter
- finansielle konti (renter og avdrag) der spesifikasjonen på konti ligg i tekstdelen
- overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet
- bruk og avsetning til ikkje-sektorrelaterte fonds og tidlegare års resultat

Det er kommunedirektøren som gjennom året gjer vedtak som endrar det enkelte rammeområde si nettoløyving. Kommunestyret skal få seg førelagt ei referatsak om budsjettendringar dersom det gjennomførast rammeoverføringar på meir enn kr 500 000.

Eldrerådet 25.11.2025

Behandling:

Kommunedirektør Andreas Chr. Nørve orienterte og svarde på spørsmål saman med kommunalsjef, fag, utvikling og økonomi Karoline Lundås og ass. kommunedirektør Eli Tefre Nordal.

Framlegg frå leiar Magne Øystein Berge:

Med den auken vi har i antal eldre i åra framover, ser eldrerådet det vanskeleg å tilrå store investeringar no.

Votering:

Framlegget vart vedteke med 5 røyster mot 1 røyst (Kommunal medlem ordførar Paul Sindre Vedeld).

EL - 62/25 Vedtak

Eldrerådet tilrår:

Med den auken vi har i antal eldre i åra framover, ser eldrerådet det vanskeleg å tilrå store investeringar no.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren si vurdering er at økonomiplan for 2026-2029 med budsjettet for 2026, samt investeringsbudsjett for 2026 blir vedteke med heimel i kommunelova § 14-3, med følgjande endringar:

- Låneopptak til investeringar på kr 26.250.000 - dette er eks.mva.

- Startlån på kr.25.000.000 til vidare utlån.

- Byggesaksgebyra vert justert i samsvar KPI, gjeldande frå 1.jan. 2026.

Endring i økonomireglement punkt 2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker:

2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker

Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet med ei nettoløyving til det enkelte rammeområde. I tillegg gjer kommunestyret vedtak på kontonivå for områda

- reserver til disposisjon
- frie inntekter (skatt, rammetilskot og liknande)
- samla avskrivning og kalkulatoriske renter
- finansielle konti (renter og avdrag) der spesifikasjonen på konti ligg i tekstdelen
- overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet
- bruk og avsetning til ikkje-sektorrelaterte fonds og tidlegare års resultat

Det er kommunedirektøren som gjennom året gjer vedtak som endrar det enkelte rammeområde si nettoløyving. Kommunestyret skal få seg førelagt ei referatsak om budsjettendringar dersom det gjennomførast rammeoverføringar på meir enn kr 500 000.

Vedlegg:

2025829 - Estimerte utbetalinger til Vanylven kommune.pdf
Kommunebarometeret 2025
Arbeidsmiljøundersøkinga 2025

Saksopplysningar:

Økonomiplanen for dei neste fire åra og årsbudsjettet for det komande året skal vedtakast før årsskiftet, jf. kommunelova § 14-3.

Justert økonomiplan 2026-2029 med budsjett for 2026 vert lagt fram for ny handsaming, med fylgjande endringsforslag:

- Kommunedirektøren vurderer at byggesaksgebyr vert auka i samsvar med KPI.
- Startlån på kr. 25.000.0000 til vidare utlån.
- Delegasjon av mynde frå kommunestyre til kommunedirektør for overføring av budsjettmidlar mellom sektor/ansvar.

Administrasjonen i kommunen legg med dette fram justert forslag til økonomiplan for perioden 2026 - 2029 og budsjettet for 2026 med ei investeringsramme i 2026 på kr 15.150.000 + 11.100.000 = 26.250.000 (eks mva.)

Det blir lagt fram eit budsjett i balanse, der det òg er lagt til grunn inndekking av meirforbruket i 2024 på kr 5,9 million:

https://pub.framsikt.net/2026/vanylven/bm-2026-oknomiplan_26#/

Innstillinga til økonomiplan og årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som ligg føre, skal etter kommunelova § 14-3 gjerast offentleg i minst 14 dagar før kommunestyret behandlar saka.

Økonomiplan 2026-2029 med årsbudsjett for 2026, samt investeringsbudsjett har vore lagt ut til høyring og har vore republisert på kommunens nettstad.

Det har kome fylgjande innspel til økonomiplan og investeringsbudsjett:

Innspel drift:**1.Kultur og oppvekst**

Treng lydplater i gymsalen på Åheim skule. Har særdeles høg gjenklang, uttalar sakshandsamar i Miljøretta helsevern.

2. Kultur og oppvekst

Fornyng av teknisk utstyr i skulen bør inn i langtidsplan. Når skal elektroniske tavler skiftast ut, som no er utdaterte? Lyspærer som må erstattast kostar fleire tusen, så det må vurderast når ein må fornye utstyret.

Innspel investering:**1.Teknisk**

Bassengvegg bakre del - bassenget Åheim skule - treng renovering. Det flassar av veggen, og vindauga er utslitne. Jfr. seinaste uttale 06.02.2024, frå sakshandsamar i Miljøretta helsevern.

2. Sentraladministrasjonen

Kyrkja: Få på plass urnelund ved St. Jetmund.

Kommunedirektøren viser til at administrasjonen la fram første budsjettforslag på same tidspunkt som vi vanlegvis brukar å starte budsjettprosessen. Bakgrunnen for at vi i 2025 måtte nytte sommaren til å arbeide med budsjett 2026, var for å sikre at vi kunne sjå effekten av vedteke omstillingsplan. I omstillingsplanen hadde vi lagt til grunn eit nedtrekk med 27 årsverk i kommunen som eit av tiltaka for å kome i balanse. Dersom vi skulle vere sikker på

å kunne sjå dette, så måtte vi utarbeide budsjett for 2026. Kommunedirektøren har, som tidlegare orientert i kommunestyret, òg eit ynskje om å avlaste mellomleiarane knytt til budsjettarbeidet. Ved å ferdigstille budsjettarbeidet i august, så hadde ein difor frigjort tid som mellomleiarane kunne nytte til å sikre gode tenestene til våre innbyggjarar samt og sikre eit godt arbeidsmiljø for sine tilsette. Kommunedirektøren viser her til Kommunebarometeret 2025, som viser tenestoområde som vi bør forbetre oss på samt arbeidsmiljøundersøkinga frå 2025, som gir føringar for kva som er viktig å fokusere på i personalarbeid. Kommunalsjefane har saman med avdelingsleiarane gjort eit godt arbeid i høve å sikre nedtrekket av 27 årsverk, som var eit viktig grunnlag for budsjettarbeidet. Dette har òg vore ein føresetnad for at administrasjonen kunne levere eit budsjett i balanse for 2026.

Budsjettforslaget er lagt ved, men kommunedirektøren vil oppsummere årsverksoversikta her på sektor og avdelingsnivå. Vi har følgjande oversikt på sektornivå, der det skulle reduserast med 4 årsverk i STAB; 10 årsverk i kultur- og oppvekst; 10 årsverk i helse og omsorg og 3 i teknisk:

Årsverk	2025	2026	Reduksjon
Sektor stab	25,92	22,97	-2,95
Sektor KUOP	103,32	90,15	-13,17
Sektor HEOM	164,96	151,78	-10,48
Sektor Teknisk	16,32	14,11	-2,21
Totalt	310,52	279,01	-28,81

I denne samanheng vil kommunedirektøren vise til at i tillegg til dette nedtrekket, så er eit årsverk i Stab finansiert av statlege prosjektmidlar; eit årsverk i helse og omsorg er finansiert av flyktningmidlar samt at eit årsverk i teknisk er blitt finansert av sjølvkostområde. Dersom vi ser på fordeling av nedtrekket av årsverk på avdelingsnivå innanfor kvar sektor, så har vi følgjande oversikt:

Stab		2025	2026	Nedtrekk
1000	Folkevalde	1,12	1,12	0,00
1020	Kommunedirektør	4,00	4,00	0,00
1025	Stab	8,45	6,22	-2,23
1050	Fellesutgifter	0,60	0,78	0,18
1060	Ressursbanken	10,75	10,55	-0,20
1070	IKT	1,00	0,30	-0,70
	Sektor stab	25,92	22,97	-2,95

KUOP				
2000	Oppvekstkontoret	1,00	1,00	0,00
2009	Barnevern	0,00	0,00	0,00
2011	Grunnskulen	1,75	0,20	-1,55
2012	PPT	3,10	1,90	-1,20
2013	Mylkebust skule	24,84	22,52	-2,32
2015	Fiskå skule	19,71	17,00	-2,71
2016	Åheim	19,35	17,26	-2,09
2017	AOA	3,06	3,20	0,14
2020	Vaksenopplæring	4,55	3,47	-1,08
2021	Vikarbanken	2,40	1,60	-0,80
2030	Barnehage	0,20	0,40	0,20
2031	Syvde barnehage	9,69	9,00	-0,69
2032	Åheim barnehage	6,72	6,60	-0,12
2050	Kulturavdelinga	0,80	0,50	-0,30
2051	Frivilligsentrale	2,50	2,00	-0,50
2052	Bibliotek	1,06	1,06	0,00
2053	Kulturskulen	2,59	2,44	-0,15
	Sektor KUOP	103,32	90,15	-13,17

HEOM				
3010	Fellestenestene HEOM	3,50	1,00	-2,50
3020	Legekontoret	6,47	6,07	-0,40
3030	Helsestasjon	2,00	2,00	0,00
3035	Flyktning	0,00	1,00	1,00
3040	Stenbakken	7,20	5,10	-2,10
3070	Heimebasert	22,05	21,88	-0,17
3071	Avd. 3 (leiar - frå sept.)	20,00	17,04	-2,96
3073	Avd. 2	21,71	21,71	0,00
3075	Førebygging	10,60	9,40	-1,20
3076	Bu og avlasting	40,43	38,71	-1,72
3078	Avlasting	23,22	24,09	0,87
3080	Kjøkken	4,78	4,48	-0,30
3090	Forvaltningskontor	3,00	2,00	-1,00
	Sektor HEOM	164,96	151,78	-10,48

Teknisk				
4020	Teknisk inne	3,20	3,30	0,10
4022	Brannvern	0,87	0,86	-0,01
4024	Brannvern - kurs	0,00	0,00	0,00
4023	Feiing	0,19	0,15	-0,04
4025	Hamnar og kaier	0,50	0,40	-0,10
4034	Næringstiltak	0,00	0,00	0,00
4061	Vedlikehaldsavd.	7,00	0,00	-7,00
4063	Vassforsyning	0,50	1,54	1,04
4064	Avløp og rensing	0,42	1,18	0,76
4065	Renovasjon - priavt	2,09	2,48	0,39
4066	Renovasjon - næring	0,13	0,15	0,02
4067	Slamtømming	0,12	0,21	0,09
4072	Bygg til offentleg verk.	0,12	0,52	0,40
4076	Vedlikehalds skule	0,08	0,86	0,78
4979	Vedlikehald HE	0,08	0,71	0,63
4080	Omsorg og utlege	0,35	0,50	0,15
4081	Bustad og indstrui	0,02	0,02	0,00
4083	Grøntområde	0,00	0,00	0,00
4084	Kommunale vegar	0,13	0,58	0,45
4085	Vedlikehadl Olivin	0,40	0,40	0,00
4086	Kyrkjegardsdrift	0,12	0,25	0,13
	Sektor Teknisk	16,32	14,11	-2,21

i årsverksoversikta som det her er oppsummert, er det dei årsverka som er lagt inn i Framsikt for 2026, som er den løysinga som kommunen nyttar for å budsjettere. Når det gjeld driftspostane så har kommunedirektøren og kommunalsjefane gått gjennom desse. Dette for å sikre at desse er realistiske for 2026, sjølv om vi nok må seie at det er knappe rammer og det er ikkje rom for vesentleg auke i overføringane her. Likeså har det vore ein gjennomgang av inntektene for å unngå at det ligg inne inntekter frå tidlegare, som vi ikkje vil motta i 2026.

Statsbudsjettet var lagt fram i oktober 2025, og vi fekk ei auke på omlag 4,1%. Dette tilsvarar det som vi legg til grunn som må avsettast til lønsreserve, og gjev ikkje ei auke i frie disponible midlar.

I økonomiplanen 2026 - 2029 med budsjett for 2026, så er det i 2026 lagt inn finanskostnadane for kr 33 million og oversikt over dei investeringsprosjekta som kommunedirektøren tilrår er lagt ved som eiga sak. Dette arbeidet var starta opp administrativt i juni 2025 og er basert på behov som sektorane sjølve har meldt inn, samt prioriteringa som kommunestyret tidlegare har lagt føringar for.

Nedanfor fylgjer forslag til investeringsbudsjett, samt forklaring til kvart punkt.

1		Investeringsforslag	2026	2027	2028	2029
2	1.	STAB	400000	400000	400000	400000
3		HEOM				
4	2.	Pasientvarslingsanlegg	2500000	0	0	0
5	3.	Bilar til heimetenesa	800000	800000	800000	0
6	4.	Pauserom Utsikta	200000	0	0	0
7	5.	Inneklima Myklebust	300000	1800000	0	0
8	Sjølvcost/ordinære område	TEKNISK				
9	6.	Diverse grøntutstyr	300000	0	0	0
10	7.	Ymse vegutbetring	5000000	2500000	0	0
11	8.	Sprinklar/vassinntak	0	0	0	0
12	9.	Naudstraum	0	0	0	0
13	10.	Ledestriper VHO/Fiskå	0	0	0	0
14	11.	Låssystem VHO	0	400000	0	400000
15	12.	Fiskå skule (ungdomsskule)	2000000	50000000	0	0
16	13.	Ført i 2025: kr 97.779	250000	250000	250000	250000
17	14.	Ført i 2025: kr 937.500	0	0	0	0
18	15.	Myklebust skule (gulv)	0	0	0	0
19	16.	Myklebust skule (tak)	0	0	0	0
20	17.	Mobilmast Beksle/Rota	900000	0	0	0
21	18.	Brannalarmanlegg	0	0	0	0
22	19.	Utsikten	2500000	0	0	0
23	20.	Hjulmaskin	0	0	0	0
24	21.	Ombygging av gamle sjukeheimen frå pasientrom til hyblar	0	0	0	0
25	22.	SUM	15150000	56150000	1450000	1050000
26	VAR-OMRÅDE	TEKNISK				
27	23.	Vatn Eidså	1550000	0	0	0
28	24.	Avløp Eidså	1550000	0	0	0
29	25.	Overvatn Lendalen	350000	350000	0	0
30	26.	Silanlegg Fiskå	200000	0	0	0
31	27.	SD-anlegg	500000	500000	500000	500000
32	28.	Rehab.hovudinntak	950000	0	0	0
33	29.	Sjøleidning Kjøde	6000000	0	0	0
34	30.	SUM	11100000	850000	500000	500000

Investeringane er satt opp eks mva. både på sjølvcost område, ordinære investeringar og VAR-område.

1. IKT utstyr: Alle IKT-investeringar vert samla på ein felles investeringspost, dette gjeld utstyr til alle sektorane, også elev-PCane. Med bakgrunn i erfaringstal legg vi til grunn at det vil vere 400 000 kr kvart år.

2. Pasientvarslingsanlegg: Pasientvarslingsanlegget på Helse og omsorgssenteret kan ikkje oppgraderast og må no skiftast. Vi har fått eit anslag på pris på utskifting og vi vil starte prosessen med utlysing 2025-2026 og gjennomføre sjølve anskaffinga i 2026.

3. Bilar til heimetenesta: Heimetenesta har seks bilar som alle er modne for utskifting, vi startar utskiftinga i 2025 og skiftar ut to bilar i året i 2025, 2026 og 2027. Det vert lagt til grunn at det er rimelegare for kommunen å lånefinansiere enn å lease desse bilane. Difor tek vi desse på investeringsbudsjettet.

4. Pauserom Utsikten: Dei tilsette på utsikten har ein ynskje om eit meir eigna pauserom til det.

5. Inneklima Myklebust: Nytt ventilasjonssystem på barneskulen.

6. Diverse utstyr grønt: Klippeutstyr grøntareal.

7. Ymse vegutbetring: Asfalt Gamlevegen.

8. Sprinklar/vassinntak: Sprinkler VHO, separere inntak sprinkler og vassinntak.

9. Naudstraum VHO: I samband ved at kjøkkenet bygg opp beredskapslager til institusjonen sine bebuarar og heimebuande som mottek mat frå kommunen, er det naudsynt å sikre straumforsyning til kjøl og frys. Naudstraumanlegget som vi i dag har på omsorgssentret er ikkje tilstrekkeleg til dette.

10. Ledestriper VHO/Fiskå: Pålegg etter branntilsyn.

11. Lås-system: Kommunen har tidlegare lyst ut, tildelt og budsjettert for nytt låsesystem på omsorgssenteret mm. Vedtaket i kommunestyret frå 10.feb 2025 satte av 625 000 til finansiering av nytt låseannlegg til kommunale bygg. Det ser ut til at meir av utgiftene går til investeringar enn tidlegare antatt og tilrår difor auke i investeringa til kr 980 000 i 2025 og at vi skiftar system i andre bygg i økonomiplanen og set av 400 000 i 2027 og 2029.

12. Fiskå skule (ungdomsskule): Prosjektering og bygging av ny ungdomsskule.

13. Stad skipstunnel: Planleggingskostnadar knytt til framføring av vassledning til Kjøde.

14. Myklebust skule (gulv): Oppgradering av demping i gulv i samband med nytt gulv i gymsal.

15. Myklebust skule (tak): Nytt yttertak gymsal Myklebust.

16. Mobilmast Beksle/Rota: Dette er eit investeringsprosjekt i prioriteringsplan i sak 67/25 og vi set av midlar til oppstart i 2025 og fullføring 2026.

17. Brannalarmanlegg Utsikten: Bytte av defekt brannvarslingssystem.

18. Hjulmaskin: Investering knytt til eige utstyr på Miljøstasjon.

19. Ombygging gamle sjukeheim frå pasientrom til hyblar.

20. Vatn Eidså: Ny vassleidning Eidså sentrum.

21. Avløp Eidså: Ny avløpsleidning Eidså sentrum.

22. Overvatn Lendalen: Separering overvatn Lendalen.

23. Silanlegg Fiskå: Nytt silanlegg Fiskå.

24. SD-anlegg: Oppgradering av SD-anlegg pumpestasjonar.

25. Rehab. hovudinntak: Ny coating på hovudinntaket på Fiskå vassverk.

26. Sjø-ledning Kjøde: Legging av sjøleidning Åheim-Kjøde.

Investeringar på sjølvkost/ordinære område har ein total sum på kr 15.150.000 i 2026.

Investeringar på VAR-område gir ein total sum på kr 11.100.000 i 2026.

Kommunedirektøren viser til at i dag er følgjande regulert i økonomireglementet om disposisjonsfullmakt i budsjettsaker:

- *"2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker
Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet med ei nettoløyving til det enkelte rammeområde. I tillegg gjer kommunestyret vedtak på kontonivå for områda*
 - *reserver til disposisjon*
 - *frie inntekter (skatt, rammetilskot og liknande)*
 - *samla avskrivning og kalkulatoriske renter*
 - *finansielle konti (renter og avdrag) der spesifikasjonen på konti ligg i tekstdelen*
 - *overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet*
 - *bruk og avsetning til ikkje-sektorrelaterte fonds og tidlegare års resultat**Tilsvarende er det kommunestyret som gjennom året gjer vedtak som endrar det enkelte rammeområde si nettoløyving. Kommunestyret skal få seg førelagt ei sak om budsjettjustering, dersom administrasjonen ser at nettoløyvinga til rammeområdet vil få eit meirforbruk før året er omme.*
 - *Formannskapet tilrår i forslaget til budsjett ei nettoløyving til kvart enkelt rammeområde.**Formannskapet gjer vidare vedtak om å fordele dei vedtekne rammeløyvingane på rammeområda sine ansvar ("avdelingar").*
 - *Administrasjonen utarbeider og kjem med tilråding overfor formannskapet om årsbudsjett og økonomiplan. Administrasjonen gjer vidare vedtak om å fordele formannskapet sine endelege løyvingar til ansvar (avdelingar) på konto".*

Det vert lagt fram følgjande to forslag til endringar:

- **Byggesaksgebyra vert justert i samsvar KPI, gjeldande frå 1.jan. 2026.**
Det visast til gjeldande byggesaksgebyr som var vedteke 27.06.2024:
https://www.vanylven.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-6c4bc5dc_06a5_4f70_b4c0_c25284d039e2-110541_7_A!d-2020048259!PZ2w2i?pid=38

- **Startlån på kr.25.000.0000 til vidare utlån.**
Kommunedirektøren ynskjer å sjå på mogelegheiter for å få auka aktivitet i høve bustadutbygging for eldre og unge i etableringsfasen, og vil bruke startlån i husbanken for å få dette til, og då må ein auke rammene for innlån for å få til dette.
- **Endring i økonomireglement pkt. 2.3 - Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker:**
Kommunedirektøren ser at det er naudsynt med justeringar i budsjettet fortløpande gjennom året for å sikre god økonomistyring og rapportering. Dette føreset at det vert gjennomført budsjettreguleringar vekentleg, også på rammeområda og på finans. I denne samanheng vil kommunedirektøren tilrå at fullmakt vert endra slik at for økonomireglement får følgjande nytt punkt 2.3 i økonomireglement.

2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker

Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet med ei nettoløyving til det enkelte rammeområde. I

tillegg gjer kommunestyret vedtak på kontonivå for områda

- reserver til disposisjon
- frie inntekter (skatt, rammetilskot og liknande)
- samla avskrivning og kalkulatoriske renter
- finansielle konti (renter og avdrag) der spesifikasjonen på konti ligg i tekstdelen
- overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet
- bruk og avsetning til ikkje-sektorrelaterte fonds og tidlegare års resultat

Det er kommunedirektøren som gjennom året gjer vedtak som endrar det enkelte rammeområde si nettoløyving.

Kommunestyret skal få seg førelagt ei referatsak om budsjettendringar dersom det gjennomførast rammeoverføringer på meir enn kr 500 000.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren vil tilrå at økonomiplanen 2026 - 2029 med budsjett for 2026 og investeringsbudsjett for 2026 blir vedteke, samt endringane som er skildra ovanfor. Budsjette vert levert i balanse med inndecking av meirforbruket frå 2024 og nye investeringar i 2026. Det som sikrar at vi kan dekke inn meirforbruket i 2026, er auken som vi får frå Havbruksfondet i 2026 og viser til at vi fekk kr 2.600.000 i 2025 og frå kr 11.900.000 i 2026. Likevel er det slik at i 2027 vil ubetalingane frå Havbruksfondet i 2027 vil få kr 3.600.000.

Tabell 4 Estimerte utbetalinger til Vanylven kommune

	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Salg av tillatelses-MTB	8,1		8,4		9,9	
<i>hvorav ny kløret lokalitets-MTB</i>						
Produksjonsavgift (bevilgning)	3,0	2,3	3,5	3,6	3,7	3,9
Totalt (netto)	11,1	2,3	11,9	3,6	13,6	3,9

Denne estimeringa ligg som vedlegg til saka og denne mottok vi 29.aug.2025, men berre til orientering vil kommunedirektøren vise til at vi mottok kr 300.000 meir enn forventa.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Økonomi og budsjett må sikre nødvendige midlar til dette område.

Miljøkonsekvensar: Økonomi og budsjett må sikre nødvendige midlar til dette område.

Økonomiske konsekvensar: Økonomiplan og budsjett er grunnlag for drift av kommunen og det er viktig å balansere det for å sikre tenester til kommuna.

Beredskapsmessige konsekvensar: Økonomi og budsjett må sikre nødvendige midlar til dette område.

Konsekvensar for barn og unge: Økonomi og budsjett må sikre nødvendige midlar til dette område.

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør